



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8129 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
201010344-8/000.T00/HEGG

Bergen, 01. september 2011

Forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover - høyringsfråsegn

Det vert vist til høyringsbrev 27.05.11, ref. 11/1383-1 ERA.


Fylkesutvalet i Hordaland gjorde 24.08.11 slikt samrøystes vedtak i sak 158/11 "Forslag til endringar i kommunelova (eigenkontrollen) – høyringsfråsegn":

"Hordaland fylkeskommune kan i det vesentlege støtta forslaga til endringar i kommunelova slik dei kjem fram i høyringsnotatet "Forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.)", men har følgjande merknader:

1. Rapporteringsplikta etter kvitvaskingslova bør gjelda for alle som reviderer kommunale/fylkeskommunale rekneskapar, ikkje berre for dei revisorane som er registrerte eller statsautoriserte.
2. Momskompensasjon for investeringar bør framleis fullt ut reknast som frie inntekter i investeringsrekneskapen.
3. I kontrollutvalsforskrifta § 20 tredje ledd første setning må også fylkeskommunen nemnast, jfr pkt. 2.1 i høyringsnotatet.
4. Det er eit mål med avgjerd på lågast mogleg nivå (nærleiksprinsippet).
5. Det vert elles vist til vedlagde saksframlegg."

Særutskrift og kopi av saksframlegg ligg ved.

Etter fullmakt


Brit Mari Heggøy
stabsleiar



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201010344
Arkivnr. 000.T00
Sakshandsamar Heggøy, Brit Mari

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	24.08.11	158/11

FORSLAG TIL ENDRINGAR I KOMMUNELOVA (EIGENKONTROLLEN) - HØYRINGSFRÅSEGN

Fylkesutvalet 24.08.11

Pål Kårbø sette på vegner av KrF, Frp og H fram slikt forslag:

”Nytt punkt 4:
Det er eit mål med avgjerd på lågast mogleg nivå (nærleiksprinsippet).

Punkt 4 vert punkt 5.”

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Hordaland fylkeskommune kan i det vesentlege støtta forslaga til endringar i kommunelova slik dei kjem fram i høyringsnotatet ”Forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.)”, men har følgjande merknader:

1. Rapporteringsplikta etter kvitvaskingslova bør gjelda for alle som reviderer kommunale/fylkeskommunale rekneskapar, ikkje berre for dei revisorane som er registrerte eller statsautoriserte.
2. Momskompensasjon for investeringar bør framleis fullt ut reknast som frie inntekter i investeringsrekneskapen.
3. I kontrollutvalsforskrifta § 20 tredje ledd første setning må også fylkeskommunen nemnast, jfr pkt. 2.1 i høyringsnotatet.
4. Det er eit mål med avgjerd på lågast mogleg nivå (nærleiksprinsippet).
5. Det vert elles vist til vedlagde saksframlegg.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 26. august 2011

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Ulrich Bertelsen



Arkivsak 201010344-6
Arkivnr. 000.T00
Saksh. Heggøy, Brit Mari

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	24.08.2011

FORSLAG TIL ENDRINGAR I KOMMUNELOVA (EIGENKONTROLLEN) - HØYRINGSFRÅSEGN

SAMANDRAG

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt på høyring "Forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.)". Høyringsfristen er sett til 15. september 2011.

Ei rekkje spørsmål er tatt opp til drøfting i notatet. Ein del forslag framstår som reelle endringar mens andre er meir presiseringar. I saksframlegget er det gjort forsøk på ei viss gruppering.

Fylkesrådmannen har, av ressursmessige årsaker, ikkje tatt med i saka her alle forslaga som er sette fram, dels fordi dei har lite relevans for fylkeskommunen og dels på grunn av lite reelt innhald. Mange forslag gjeld kontrollutvalet, både samansetjing og sakshandsaming. Det er også foreslått endringar i økonomireglane i kommunelova. For selskap etter lov om interkommunale selskap (IKS-lova) er det foreslått endringar i reglane om økonomiforvaltning. Også i inndelingslova (fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser) er det foreslått endringar. Forslag til endringar i IKS-lova og inndelingslova er ikkje omhandla i saka.

Fylkesrådmannen er i det vesentlege samd med dei endringane som er foreslått i kommunelova, men har nokre merknader. Etter kvitvaskingslova har registrert og statsautorisert revisor rapporteringsplikt. For andre som reviderer kommunale/fylkeskommunale rekneskapar er det ikkje slik plikt. Etter fylkesrådmannen si vurdering bør det stillast same krav uavhengig av revisor sin fagbakgrunn. Fylkesrådmannen er også usamd i forslaget om å avgrensa høvet til lånefinansiering av investeringar når investeringa gjev rett på momskompensasjon.


FORSLAG TIL VEDTAK

Hordaland fylkeskommune kan i det vesentlege støtta forslaga til endringar i kommunelova slik dei kjem fram i høyringsnotatet "Forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.)", men har følgjande merknader:

1. Rapporteringsplikta etter kvitvaskingslova bør gjelda for alle som reviderer kommunale/fylkeskommunale rekneskapar, ikkje berre for dei revisorane som er registrerte eller statsautoriserte.
2. Momskompensasjon for investeringar bør framleis fullt ut reknast som frie inntekter i investeringsrekneskapan.
3. I kontrollutvalsforskrifta § 20 tredje ledd første setning må også fylkeskommunen nemnast, jfr pkt. 2.1 i høyringsnotatet.
4. Det vert elles vist til vedlagde saksframlegg.



Paul M. Nilsen
fylkesrådmann



Gerd Ingunn Opdal
organisasjonsdirektør

Vedlegg: Forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.)

1. Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt på høyring "Forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.)". Høyringsnotatet baserer seg i hovudsak på ein rapport frå ei arbeidsgruppe – "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" – frå desember 2009. Høyringsfristen er sett til 15. september 2011.

Ei rekkje spørsmål er tatt opp til drøfting i notatet. Ein del forslag framstår som reelle endringar mens andre er meir presiseringar. Det er også fleire område som er omhandla. I saksframlegget er det gjort forsøk på ei viss gruppering. Fylkesrådmannen har, av ressursmessige årsaker, ikkje tatt med i saka her alle forslaga som er sette fram, dels fordi dei har lite relevans for fylkeskommunen og dels på grunn av lite reelt innhald. M.a. er ikkje kapittel 8 om økonomiforvaltning i interkommunale selskap vurdert då fylkeskommunen ikkje deltar i slike selskap.

I oppfølginga av rapporten har departementet utarbeidd rettleiaren "Kontrollutvalsboka". Departementet har også gitt støtte til eit prosjekt som KS har sett i gang – "Styrking av administrasjonssjefens internkontroll og risikovurdering", som skal munna ut i eit idehefte. Når det gjeld samspelet mellom statleg tilsynsverksemd og den kommunale eigenkontrollen, har departementet gitt føringar i tildelingsbrevet til fylkesmennene for 2011. Temaet vil også bli drøfta i den komande stortingsmeldinga om forholdet mellom staten og kommunane.

2. Kontrollutvalet. Val. Sekretariat

2.1 Ubunde sekretariat

Prinsippet om at sekretariatet skal vera ubunde av administrasjonen og revisoren er ikkje nedfelt i lov eller forskrift. Departementet foreslår å ta prinsippet inn i kontrollutvalsforskrifta § 20, tredje ledd med slik tekst:

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen.

2.2 Avgrensing av kven som kan vera sekretariat

Etter gjeldande forskrift kan fylkeskommunen sin administrasjon og den som utfører revisoroppgåver ikkje vera sekretariat for kontrollutvalet.

I enkelte kommunar er det medlemmer i kontrollutvalet som har sekretariatsfunksjonen. Departementet viser til at dette kan skapa uklare rollar både med omsyn til saksførebuing og eigenkontroll, og uklare rollar kring sekretariatet kan svekka både legitimiteten og kvaliteten på arbeidet i kontrollutvalet. Departementet foreslår difor eit tillegg i kontrollutvalsforskrifta § 20, tredje ledd:

Det samme gjelder medlemmer av kontrollutvalget eller kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

2.3 Tidspunktet for val av kontrollutval

Kontrollutvalet er ikkje eit av dei organa som skal veljast i det konstituerande møtet i kommunestyret/fylkestinget, og det trer i funksjon frå det tidspunktet det er vald. Kommunelova har avgrensingar av kven som kan veljast til kontrollutvalet, m.a. kan dei ikkje vera medlemmer i utval som tek avgjerd. Det kan gjera det vanskeleg å få medlemmer til kontrollutvalet frå kommunestyret/fylkestinget etter at andre nemnder er valde. Departementet foreslår slike endringar i kommunelova (kml) § 17 (endring i kursiv):

Nr 2 tredje setning

Når det er avgjort at valg som nevnt i første og annet punktum er gyldige, foretas valg av formannskap eller fylkesutvalg, ordfører eller fylkesordfører og varaordførere, og kontrollutvalg for den nye valgperioden.

Nr 3 første setning:

Kommunestyre og fylkesting, formannskap og fylkesutvalg og *kontrollutvalg* trer i funksjon fra det konstituerende møte.

2.4 Kven kan veljast til kontrollutvalet

Etter kml § 10a kan det opprettast komitear som er saksførebuaande organ for fylkestinget. Det er fastsett at medlemmer i kontrollutvalet som også sit i kommunestyret/fylkestinget, er utelukka frå val til komiteane. I kml § 77 som omhandlar val av kontrollutval er ikkje komitedlemmer tatt med i opprekninga av kven som er utelukka frå val til kontrollutval. Departementet meiner at av pedagogiske omsyn er det grunn til å ta forbodet inn i lovteksten og foreslår slik endring i § 77 nr 2:

Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd, medlem av kommunestyrekomité og fylkestingskomité etter § 10a og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.

2.5 Bør personar knytte til fylkeskommunale selskap kunna veljast til kontrollutvalet?

Etter gjeldande lovverk er personar som er knytte til fylkeskommunale selskap, leiarar og styremedlemmer, ikkje utelukka frå val til kontrollutvalet. Arbeidsgruppa foreslo i rapporten sin eit tillegg i kml § 77 som ville endra dette. Departementet er skeptisk til å utelukka for mange frå verv i folkevalde organ, og viser til at ein heller bør nytta habilitetsreglane dersom dei er tilstrekkelege til å oppnå klare rollar.

Departementet foreslår ingen endringar på dette punktet.

2.6 Talet på medlemmer i kontrollutvalet

Kml § 77 fastset at kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer. Det er same kravet som for faste utval. Departementet viser til at kontrollutvalet ikkje er eit fast utval etter kml § 10 men eit av få utval kommunen/fylkeskommunen er pålagt å oppretta. Departementet foreslår å auka minimumskravet til fem ved ei endring i § 77 og grunngir dette slik:

Det er viktig at kontrollutvala er sette i saman av personar som er motiverte og ønskjer å gjere ein god jobb. Somme stader kan det kanskje by på problem å setje saman eit kontrollutval av motiverte personar, som også oppfyller krava til valbarheit. Departementet meiner at det ikkje bør by på uoverstigelege problem, men ber høyringsinstansane særskilt om å få vite kva syn dei har på dette. Departementet vil vurdere høyringsfråsegna nøye før det blir teke endeleg stilling i dette spørsmålet.

Departementet legg fram dette forslaget til endra § 77 nr. 1 andre punktum:

Utvalget skal ha minst fem medlemmer.

2.7 Opne møte i kontrollutvalet

Hovudregelen etter kml § 77 er at møta i kontrollutvalet er lukka, men kontrollutvalet kan sjølv bestemma at dei skal vera opne. Unntak gjeld for saker som er underlagde teieplikt og personalsaker.

Departementet meiner at møte i folkevalde organ berre bør vera lukka når det ligg føre tungtvegande grunnar for å lukka møtet. Dette er hovudregelen for dei fleste folkevalde organ, jfr. kml § 31. Departementet viser til at ikkje alle saker som kontrollutvalet behandlar er av ein slik karakter at det er nødvendig å lukka møtet. Det er også slik at mange saker som kontrollutvalet handsamar vert sende over til kommunestyret/fylkestinget for vidare handsaming. Det vert lite samanheng og konsekvens dersom møtet er lukka i kontrollutvalet og ope i kommunestyret/fylkestinget.

Departementet føreslår å oppheva kml § 77 nr. 8.

2.8 Skal det vera særskilde rettar for mindretalet?

Kontrollutvalet gjer vedtak med allminneleg fleirtal av dei røystene som er gitt. I Ot prp nr 17 (2008-2009) (om tillitskapande forvaltning mv. i kommunar og fylkeskommunar) var mindretalsrettar eit spørsmål som vart vurdert. Departementet peikar på at undersøkingar har vist at det er eit svært lite problem at eit fleirtal overkjører eit mindretal, og meiner at det ikkje er noko stort behov for ein regel som gir særrettar til mindretalet. Det vert ikkje foreslått endringar på dette området.

2.9 Kontrollutvalet sin tilgang til lukka møte i kommunestyret/fylkestinget

Folkevalde organ skal som hovudregel halda møta sine for opne dører. Møta kan lukkast på nærmare fastsette vilkår. Det følgjer av reglane i kommunelova at dei som skal vera til stades i lukka møte må ha særskilt grunnlag for det. Følgjande har rett etter lova til å vera til stades:

- møtande medlemmer og varamedlemmer
- ordføraren/fylkesordføraren og administrasjonssjefen (eller representantar for desse)
- leiar eller medlem av kommunerådet/fylkesrådet i kommunar/fylkeskommunar med parlamentarisk styreform

Leiaren i kontrollutvalet har etter kml § 77 møte- og talerett i kommunestyret/fylkestinget når sakene frå kontrollutvalet blir behandla. Departementet meiner at dette må gjelda også når kommunestyret/fylkestinget handsamar sakene for lukka dører. Men regelen gir ikkje kontrollutvalet eller leiaren nokon generell rett til å vera til stades ved lukka møte i kommunestyret/fylkestinget. Den som ikkje har rett til å vera til stades kan få tilgjenge av kommunestyret/fylkestinget men kan ikkje ta del i møtet.

Departementet har tidlegare lagt til grunn at kml § 77 nr 7 om kontrollutvalet sin rett til å "kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finner nødvendig" gir utvalet rett til å vera til stades i lukka møte i folkevalde organ.

Departementet finn ikkje behov for å presisera i lova at kontrollutvalet har rett til å møta i lukka møte i folkevalde organ. Denne heimelen gir kml § 77 nr 7. Av pedagogiske omsyn foreslår departementet at kontrollutvalet sin rett vert fastsett i forskrift.

Departementet forslår eit tillegg i kontrollutvalsforskrifta § 4, første ledd:

Kontrollutvalget har rett til å være til stede i lukket møte i kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer. Kommunestyret eller fylkestinget kan bestemme, i forskrift eller for et enkelt møte, at kontrollutvalget ikke har rett til å være til stede i lukket møte i kommunestyret eller fylkestinget.

2.10 Vurdering

Departementet fremjar her ei rekkje forslag som gjeld kontrollutvalet. Fylkesrådmannen vil peika på at forslaget om opne møte i kontrollutvalet gir sams reglar for storparten av dei politiske organa i kommunal sektor. Dette kan gjera det lettare å etterleva reglane i praksis.

Fylkesrådmannen vil elles støtta forslaget om å auka minimumstalet på medlemmer i kontrollutvalet. Dette kan gi større breidde både politisk og kunnskapsmessig. Sidan det ikkje er krav i kml § 77 om at meir enn ein medlem skal koma frå kommunestyret/fylkestinget, bør det ikkje skapa altfor store problem med å få medlemmer, heller ikkje i små kommunar.

I forslaget til endring av kontrollutvalsforskrifta § 20 tredje ledd, jfr. pkt. 2.1, må også fylkeskommunane nemnast.

Fylkesrådmannen har elles ikkje merknader til forslaga.

3. Revisjon

3.1 Utdanningskrav til revisor – dispensasjon

Det er i forskrift stilt kompetansekrav til revisor:

”Den som er oppdragsansvarlig for revisjon av årsregnskap for en revisjonspliktig etter denne forskrift, skal ha bestått eksamen til bachelor i revisjon eller høyere revisoreksamen (master i revisjon) iht. Kredittilsynets krav til registrert og statsautorisert revisor, og i tillegg ha tre års praksis fra regnskapsrevisjon.

Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor skal ha minimum tre års utdanning fra universitet/høyskole”.

Departementet kan gi dispensasjon frå nemnde krav. Frå 2004 er det gitt 11 dispensasjonar, av desse berre 3 frå 2007 og til no. Departementet foreslår å oppheva dispensasjonsheimelen og grunnjev det med at behovet ikkje lenger er til stades. Kommunane/fylkeskommunane har frå 2004, då forskrifta kom, hatt høve til å skaffa seg revisorkompetanse som oppfyller utdanningskrava.

3.2 Kvitvaskingslova

Registrert eller statsautorisert revisor er rapporteringspliktig etter kvitvaskingslova. Sidan dei som reviderer kommunale rekneskapar ikkje treng vera registrert eller statsautorisert revisor, er det ikkje alle oppdragsansvarlege kommunerevisorar som har rapporteringsplikt.

Departementet foreslår at også oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor for kommunar og fylkeskommunar skal vera rapporteringspliktige. Grunngevinga er m.a. at kommunar og fylkeskommunar kjøper varer og tenester for store beløp, over 80 milliardar årleg, fordelt på mange leverandørar og transaksjonar. Rapporteringsplikta vil verta den same om t.d. eit IKS vert revidert av kommunal eller privat revisor, slik at val av selskapsform ikkje vil ha noko å seia for om kvitvaskingslova vil gjelda.

Departementet vil vurdere høyringsfråsegnene nøye før det vert tatt endeleg standpunkt.

3.3 Vurdering

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at rapporteringsplikta skal vera koplå til revisor sin fagbakgrunn. I staden bør revisjonsobjektet vera avgjerande for om den som reviderer har rapporteringsplikt eller ikkje. Fylkesrådmannen meiner difor at departementet sitt forslag må følgjast opp. Fylkesrådmannen er elles samd i forslaget som gjeld dispensasjon frå kompetansekravet.

4. Selskapskontroll

4.1 Plan for selskapskontroll – overordna analyse

Etter kontrollutvalsforskrifta er det eit krav at plan for forvaltningsrevisjon skal byggja på ein overordna analyse. Tilsvarende krav er ikkje sett for plan for selskapskontroll.

Departementet viser til at kommunar og fylkeskommunar eig mange selskap, åleine, saman eller saman med private. Det store talet på selskap gjer det spesielt viktig at selskapskontrollen er ein verksam del av eigenkontrollen. Ein overordna analyse kan vera tenleg for å sikra eit best mogleg grunnlag for å prioritera kva for selskap, selskapsformer eller bransjar som skal kontrollerast. Det vil vera opp til kontrollutvalet å ta stilling til kor omfattande den overordna analysen skal vera og kven som skal utføra han.

4.2 Endra overskrift

Overskrifta til § 80 i kml lyder: ”Selskapskontroll”

Denne paragrafen gir ikkje heimelen for selskapskontroll men derimot for innsyn og undersøkingar i selskap. Heimelen for selskapskontroll er i § 77 nr 5.

Departementet viser til at overskrifta i § 80 er misvisande og bør endrast slik at ho i større grad dekkjer innhaldet, og foreslår følgjande tekst:

Innsyn og undersøkelser i selskaper

4.3 Kontrollutvalet sin innsynsrett i selskap

Kontrollutvalet og revisor har rett til innsyn i interkommunale selskap oppretta etter IKS-lova og heileigde kommunale aksjeselskap og deira heileigde dotterselskap. Innsynsretten omfattar rett til å krevja opplysningar og til å gjera undersøkingar i selskapet. Interkommunalt samarbeid etter kml § 27 er ikkje omfatta av § 80.

Departementet foreslår å endra § 80 slik at kontrollutvalet og revisor vil ha same innsynsrett i interkommunale selskap etter IKS-lova og interkommunale samanslutningar etter kml § 27. Det vert foreslått slik endring i § 80:

I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, *i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer*, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

4.4 Vurdering

Fylkesrådmannen støttar forslaga frå departementet.

5. Føretak

5.1 Opne styremøte i kommunale føretak

Etter kml § 68 nr 5 held styret i kommunale føretak møta for lukka dører om ikkje anna er fastsett. Då reglane om kommunale føretak i kommunelova vart vedtatt, vart det lagt vekt på at dette skulle vera ei alternativ organisasjonsform tilpassa meir forretningsprega verksemd. Der vil behovet for lukka styremøte normalt vera større enn i politiske organ elles.

Departementet forslår å spegelvenda regelen slik at hovudregelen vert opne styremøte med høve til å lukka når tungtvegande grunnar krev det.

5.2 Internkontrollansvaret til dagleg leiar

Kml § 71 nr 2 fastset at "daglig leder skal sørge for at foretakets bokføring er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltningen er ordnet på betryggende måte". Det er departementet sitt syn at dette ikkje dekkjer dagleg leiar sitt kontrollansvar fullt ut.

Departementet foreslår difor ei regelendring som gjer det tydeleg at dagleg leiar sitt ansvar omfattar eitt heilskapleg ansvar for internkontrollen i føretaket. Det inneber ikkje reelt nye plikter, men er ei presisering av gjeldande rett. Departementet foreslår at § 71 nr 2 vert endra til:

Daglig leder skal sørge for at *foretaket drives* i samsvar med *lover, forskrifter og overordnede instruksjer*, og at det er *gjenstand for betryggende kontroll*.

5.3 Vurdering

Ved å gjera styremøta i føretak opne får ein same hovudregel som i dei fleste kommunal og fylkeskommunale organ. Det kan gi meir einsarta praktisering av regelverket.

6. Internkontroll

Det er ikkje noko særskilt krav om at administrasjonssjefen skal rapportera om internkontrollen. I årsmeldinga skal det gjerast greie for "tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard i virksomheten", jf. kommunelova § 48 nr. 5.

Departementet har vurdert om det bør lovfestast ei rapporteringsplikt. Konklusjonen er at det bør vera opp til kommunestyret/fylkestinget å vurdere om administrasjonssjefen skal rapportera om internkontrollarbeidet.

7. Finansiering

7.1 Avgrensingar i høvet til å finansiere investeringar med lån når investeringa gir rett til momskompensasjon

Kommunal- og regionaldepartementet foreslår i framlegget å avgrensa høvet til lånefinansiering av investeringar når investeringa gjev rett på momskompensasjon. Departementet legg altså opp til ei nettoordning når det gjeld lånefinansiering av investeringar som gjev rett til momskompensasjon.

Vurdering

Fylkesrådmannen meiner forslaget er ei unødvendig avgrensing av den kommunale handlefridomen. Eg er samd i at normal praksis vil vere å inntektsføre momskompensasjon på dei einskilde investeringsprosjekta, og at det dermed ikkje vil vere behov for å låne meir enn til netto investeringsutgift. Fylkesrådmannen ser likevel ikkje behov for å lovfeste ei slik ordning.

Fylkesrådmannen vil i denne samanhengen minne om forhistoria til momskompensasjonsordninga. Då ordninga vart innført, vart det gjort eit trekk i rammetilskotet, som tilsvarte forventa inntekt av momskompensasjon. Inntektene kommunar/fylkeskommunar får i form av momskompensasjon frå investeringar, kjem altså i staden for inntekter ein tidlegare hadde i form av rammetilskot. Fylkesrådmannen ser difor ingen grunn til at bruken av desse inntektene no må regulerast.

Fylkesrådmannen er usamd i departementet sitt forslag på dette punktet og meiner at momskompensasjon for investeringar framleis fullt ut bør reknast som frie inntekter i investeringsrekneskapen.

7.2 Avdrag på likviditetslån og trekkrettar

Likviditetslån og likviditetstrekkrettar skal gjerast opp seinast når årsrekneskapen vert fastsett. Unntaket er når ein har rekneskapsunderskot der nedbetalingstida for likviditetslån kan setjast lik innekningsperioden for rekneskapsunderskotet.

Vurdering

Fylkesrådmannen vil visa til at reglane om rekneskapsføring av pensjon/premieavvik har gjort at det ikkje lenger er samsvar mellom rekneskapsresultat og likviditetsutvikling. Hordaland fylkeskommune hadde pr. 31.12.2010 betalt 292,9 mill. kr meir til pensjonsordningar enn det som er kostnadsført i driftsrekneskapen dei siste åra.

Det er klart at reglane for føring av premieavvik etter kvart vil kunne skape likviditetsproblem for kommunar og fylkeskommunar. Ved å oppheve avgrensingane som har vore på likviditetslån, kan ein i det minste utsetje akutte likviditetsproblem. Fylkesrådmannen er samd i departementet sitt forslag om å fjerna regelen om korleis likviditetslån og likviditetstrekkrettar skal gjerast opp.